



## Arbeidsgruppa for bygdebok for Alversund

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/648 - 17/24876

Saksbehandlar:

Øyvind Stang

Oyvind.Stang@lindas.kommune.no

Dato:

08.09.2017

## Bygdebok for Alversund

### Administrativt vedtak.

#### Vedtak

Lindås kommune vil støtte bygdebok for Alversund med totalt 1 350 000 kr, jfr vedtak i kommunestyret (Sak 107/16 punkt 12)). Midlane vert utbetalt årleg på bakgrunn av oppsettet som er dokumentert i søknaden frå arbeidsgruppa av 16.08.2017. Dette inneber følgjande årleg utbetaling:

2017: 115 000 kr

2018: 400 000 kr

2019: 415 000 kr

2020: 420 000 kr

For å få utbetalt dei årlege tilskota må arbeidsgruppa dokumentera at framdrifta i prosjektet er i samsvar med framdriftsplanen.

#### Saksutgreiing

I motteke framlegg til framdriftsplan, finansieringsplan og budsjett har arbeidsgruppa gjort naudsynte justeringar for å halda seg innafor dei økonomiske rammene som er til rådvelde for arbeidet med ei bygdebok for Alversund. I tillegg har arbeidsgruppa knytt til seg Anders Haugland som forfattar. I eit eige skriv datert 23.8 2017 beskriv Haugland korleis arbeidet kan utførast jamfør budsjett og framdriftsplan.

Arbeidsgruppa skriv at *«det ligg ei klar forståing av at salsinntektene skal dekkja inn trykkekostnadene innan kort tid. Lågare trykkekostnader og forventast stor interesse for boka gjer at arbeidsgruppa ser for seg at mellomfinansiering av desse utgiftene skal kunna ordnast utan ytterlegare tilskot»*.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Etter at arbeidsgruppa har fått registrert laget «Bygdebok for Alversund» med ein eigen bankkonto, ber vi om å få tilsendt kontonummeret for utbetaling.

Lukke til vidare med eit godt og viktig arbeid!

**Med helsing**

Øyvind Stang  
Kultursjef/ einingsleiar for kultur og aktivitet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Arbeidsgruppa for bygdebok for Alversund